



Arkivnr: 2017/13387-38

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|----------|
| Kontrollutvalet | | |

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 108/2018 i møte 12.12.2018:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Sikre at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.
2. Sikre at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.
3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.
4. Sikre at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.
5. Leggje ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.
6. Analysere årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.
7. Arbeide for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.
8. Sette i verk tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.
9. Sikre at OT, og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.
11. Alle tiltak som vert sett inn for å førebyggja og redusera fråfall bør evaluerast.»

På bakgrunn av punkt 10 i vedtaket over handsama kontrollutvalet handlingsplan frå fylkesrådmannen i møte 01.04.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet har merka seg at det er sett i gang ei rekke positive forbetningsprosessar for å bidra til å redusere fråfall i vidaregåande opplæring.*
2. *Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 12.08.2019. Tilbakemeldinga må også innehalde tidspunkt for når tiltaka er sett i verk/vil verta sett i verk.*
3. *Tilbakemeldinga bør også innehalde korleis fylkesrådmannen vil syta for at tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet på dette området som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune.*

I møte 02.09.2019 handsama kontrollutvalet oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen i tråd med vedtaket over og det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet har merka seg at det kan det tyde på at ein er kome langt i gjennomføring av forbetningsprosessane etter denne forvaltningsrevisjonen, for å bidra til å redusere fråfall i vidaregåande opplæring, men at det framleis står noko arbeid igjen.*
2. *Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2019. Det vert presisert at tilbakemeldinga også må innehalde tidspunkt for når tiltaka er sett i verk/vil verta sett i verk.*

Drøfting:

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 04.11.2019 frå fylkesrådmannen som inneheld status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring. Av notatet går det fram at det er ein god del av forbetningsarbeidet som er gjennomført eller er godt i gang, men at det framleis står noko arbeid igjen. Dette gjeld i første rekke for punkta 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9.

Vi meiner det er viktig å få på plass gode rutinar når det gjeld oppfølging av fråfall i vidaregåande opplæring i den nye fylkeskommunen. Det kan difor vera ein ide at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune vert oppmoda om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020 på korleis desse forbetningspunkta er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune i arbeide vidare med forbetningspunkta som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å komme med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetningspunkta etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring er ivareteke i den nye fylkeskommunen.

Forslag til vedtak

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetningspunkta etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*

2. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å koma med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringpunkta etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring er ivareteke i den nye fylkeskommunen. Dette gjeld i første rekke for punkta 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Status forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring - per 01.11.2019
- 2 Forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring - Status handlingsplan per 01.11.2019